

Regelverk for utleige av Lindås kommune sine bygningar og anlegg

1. Regelverket sitt føremål og gyldighet;

Hovudmålsetnad med regelverket for utleige av Lindås kommune sine eigedomar, er å leggja til rette for alle som ønskjer å skapa aktivitet. Regelverket skal avklara prioritering mellom brukargrupper, og generelle reglar knytt til utleige og bruk. Vidare avklara ansvarsforhold ved utleige, høyringsinstansar ved tvist og reaksjonar ved brot på regelverket.

Dette regelverket erstattar alle Lindås kommune sine tidlegare vedtak om utleige av kommunale eigedomar, med verknad frå 1/3 2017.

2. Omsyn til lover og føresegner:

Lindås kommune sin utleigeverksemd skal drivast i tråd med norsk lovverk, føresegner for spelemidlar og kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan. Dette inneber;

- Anlegg som har mottatt spelemidlar kan ikkje leigast ut til kommersielle føremål. Unntak frå denne regelen er lista i Kulturdepartementet sine føresegner for spelemidlar.
- For anlegg eller enkeltrom bygd ved hjelp av spelemidlar, skal idrettslege føremål ha prioritet.
- For utleige av undervisningslokale gjeldt lov om vaksenopplæring.
- Det er ikkje tillatt med alkohol i bygningar/anlegg som til dagleg vert nytta til undervisningsføremål. Unntak gjeld for enkeltarrangement i fleirbrukshallar. Alle arrangørar som skal servera alkohol på kommunale eigedomar, skal søkja ambulerande skjenkeløyve.
- Røykelova gjeldt ved all bruk av kommunale eigedomar, også ved leige til arrangement i privat regi.

3. Lindås kommune leigar ut følgjande anlegg og bygningar;

- Idrettshallar, idrettsbaner, symjebasseng, gymsalar, fellesrom på skular og i barnehagar, klasserom, rådhuskantina og fellesrom på helse og velferdssenter.

4. Ansvar for utleige:

- Utleige av idrettshallar/fleirbrukshallar, gymsalar som kjem inn under spelemiddelordninga, utandørs idrettsanlegg og symje/badeanlegg, vert administrert av eigedomseininga.
- Utleige av mindre gymsalar, andre fellesrom på skular, klasserom og fellesrom i barnehagar vert administrert av den enkelte skule/barnehage.
- Utleige av fellesrom på helse og velferdssenter vert administrert av det enkelte senter.
- Utleige av rådhuskantina vert administrert av ekspedisjonen på rådhuset.

5. Prioritering for utleige og tildeling av tid

Fast bruk for til dømes treningar, øvingar og liknande vert sett opp for eit år av gangen i samarbeid med brukarane. Denne tildelinga skal følgja skuleåret.

Ledig tid ut over det som går til faste aktivitetar, vert fordelt fortløpande av den som er ansvarleg for den aktuelle bygningen/anlegget.

Ved utleige/tildeling av tid på Lindås kommune sine eigedomar, skal følgjande prioriteringsrekkefølge nyttast;

1. Barn og unge opp til 19 år heimehøyrande i Lindås
2. Vaksne heimehøyrande i Lindås
3. Verksemdar heimehøyrande i Lindås
4. Kommersielle aktørar heimehøyrande i Lindås
5. Privatpersonar, lag, verksemdar og kommersielle aktørar frå andre kommunar.

6. Klager vedrørande utleige og tildeling av tid

Lindås Idrettsråd er høyringsinstans dersom det oppstår tvist om tildeling av tid på idrettsanlegg.

Lindås Kulturråd er høyringsinstans dersom det oppstår tvist om tildeling av tid på eigedomar som i hovudsak er tiltenkt kulturføremål.

Kommunalsjef for oppvekst er høyringsinstans dersom det oppstår tvist om leige av skular eller barnehagar.

Kommunalsjef for helse er høyringsinstans dersom det oppstår tvist om leige av helse og velferdssenter.

7. Generelle reglar:

Kommunestyret avgjer i kva grad det skal vera betaling for bruk av kommunale eigedomar. Eventuelle leigesatsar skal fastsetjast av kommunestyret, og rullerast årleg.

For frivillige lag som er delt inn i fleire undergrupper, gjeldt leigeforholdet mellom kommunen og hovudstyret i laget.

Alle leigetakarar skal vera fylt 18 år. Leigetakar pliktar til ei kvar tid å ha ein person over 18 år til stades så lenge leigetakar nyttar Lindås kommune sine anlegg eller bygningar.

Leigetakarar pliktar å følgja dei ordensreglane som til ei kvar tid gjeldt for dei ulike anlegga og bygningane.

Ved leige av symjebasseng, pliktar leigetakar til ei kvar tid å ha minst to livvakter med godkjent kurs til stades i bassenget.

Ved inngåing av leigekontrakt med kommersielle aktørar, kan det avtalast at kommunen sine anlegg ikkje skal leigast ut til tilsvarande arrangement i same periode.

Arrangement med skjenking og arrangement i regi av kommersielle aktørar, betalar som hovudregel døgnpris for bruk av anlegg.

Arrangørar av større arrangement pliktar sjølv å stå for nødvendig vakthald. Vurderingar av tryggleik og risiko skal gjerast i samråd med Lindås kommune. Kommunen har rett til å fastsetja nødvendig tal brann og ordensvakter ved større arrangement. Arrangøren pliktar sjølv å stå for alle nødvendige søknadar knytt til arrangementet.

Kommunen har rett til å avlysa faste aktivitetar til fordel for enkeltarrangement.

Eventuell ordning med gratis bruk av fleirbrukshallar for barn og unge gjeldt faste aktivitetar. Arrangement for barn og unge i regi av frivillige lag, betalar gjeldande timepris for bruk av fleirbrukshallar.

Alle leigetakarar pliktar å melde frå så snart dei veit at oppsett leigetid ikkje vert nytta.

Rådhuskantina vert utelukkande leigd ut til politisk arbeid og offentlege organ.

Frivillige lag, skuleklassar og barnehagar kan leiga lokale til overnatting på enkeltdagar. Lengre periodar med overnatting på kommunale eigedomar, må avtalast særskilt ved kvart enkelt høve. For all overnatting på kommunale eigedomar, gjeldt kravet om vaken brannvakt.

Redusert husleige skal ikkje nyttast som støtte til enkeltarrangement eller enkeltlag. Slik støtte skal ytast i form av ordinære tilskot, eller etter politisk handsaming.

Lindås kommune tillet ikkje at leigetakarar driv vidare framleige av kommunen sine eigedomar.

Lindås kommune har ikkje ansvar for tap eller skade for leigetakar, dei leigetakar gir adgang til eigedomen eller personar og firma som jobbar for leigetakar.

Leigetakar pliktar å erstatta skade på Lindås kommune sin eigedom. Om nødvendig må leigetakar ved arrangement teikna særskilt forsikring som er tilstrekkeleg for å dekkja for slike skader.

Ved uføresette hendingar - Force majeure – som fører til at kommunen må avlysa leigeavtalen, har leigetakar ingen krav ovanfor kommunen.

Lindås kommune føreheldt seg retten til å seia nei til utleige.

8. Reaksjonar ved brot på regelverk

Lindås kommune har rett til å avlysa arrangement på førehand, dersom det er klart at vilkåra for leige ikkje er oppfylt. Kommunen har ikkje noko ansvar for arrangøren sine tap og kostnadar ved eit slikt høve.

Lindås kommune har rett til å avlysa pågåande arrangement, dersom arrangementet føregår på ein slik måte at det er fare for personskade, tap av liv eller store verdiar. Kommunen har ikkje noko ansvar for arrangøren sine tap og kostnadar ved eit slikt høve.

Brot på leigevilkår eller ordensreglar, kan føra til utestenging for ein periode eller permanent.